

## SAK 43/09 EVENTUELL VIDAREFØRING AV SLT I HALLINGDAL

### Saksopplysning

SLT-Hallingdal (Samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak) starta i 1.1.2005, med ein prosjektperiode fram til 1.2.2008. Prosjektet var utan fast SLT- koordinator, frå 1.12.2005 og fram til 15.8.2006, då Ole-Reidar Lågrinn, vart tilsett i 50 % stilling. Prosjektet skulle vore avslutta våren 2008, men med bakgrunn i at SLT-Hallingdal berre hadde helde på vel eit år i permanent form, p.g.a. skifte av prosjektleiar, drøfta Regionrådet for Hallingdal eventuell vidareføring av SLT-Hallingdal i møte 9.11.2007, sak 45/07. Det vart gjort slikt vedtak:

*Regionrådet for Hallingdal ser på arbeidet som SLT-Hallingdal gjer, som viktig for Hallingdal. Regionrådet vil rå kommunane til at arbeidet blir vidareført i ein prosjektperiode på 2 år, frå 1.2.2008, med ei 50% prosjektstilling, som i dag.*

*Regionrådet ber om at det blir lagt fram ei evaluering innan 20.september 2009.*

Alle kommunane i Hallingdal vedtok å forlenge prosjektet fram til 31.12.2009.

I styringsgruppa er Regionrådet representert ved Tor Egil Buøen og Gerd Eli Berge.

Ein føresetnad for forlenginga var at prosjektet i denne perioden skulle evaluerast, slik at kommunane skulle ha eit grunnlag for å vurdere eventuell permanent vidareføring.

Styringsgruppa for SLT – Hallingdal handsama på møte 16.06.09 eventuell vidareføring av SLT –Hallingdal, som ei permanent ordning.

**Styringsgruppa går inn for at SLT- Hallingdal blir vidareført som ei permanent ordning med ein tilsett koordinator i 50% stilling, vedlegg 1.**

Som ein del av bakgrunn for vurderingane har styringsgruppa henta inn evalueringar av prosjektet frå KRÅD, lensmennene i Hallingdal, MOT, Ål Røde Kors Nattevandrane og kommunane i Hallingdal. Felles for alle evalueringssuttalene er at ein er fornøgd med den effekt SLT- Hallingdal har hatt i forhold til koordinering av det kriminalitetsforebyggande arbeidet. Styringsgruppa har vurdert attendemeldingane slik at dei som har delteke i SLT- Hallingdal ynskjer at prosjektet held fram. Dei fleste instansane som har evaluert prosjektet er samde om at det ikkje er andre aktuelle løysingar, dersom ein ynskjer å halde fram med eit regionalt samarbeid for å koordinere det kriminalitetsforebyggande arbeidet.

Ved ei permanent ordning vil det som utgangspunkt vera kommunane som må dekke kostnadane, der budsjettet for 2010 har ei utgiftsramme på kr. 318 000. Kostnadane blir fordelt etter den faste regionale fordelingsnøkkelen, 30% likt på alle kommunane og 70% etter folketal. Styringsgruppa peikar likevel på at innan arbeid med kriminalitetsforbygging er store moglegheiter for midlar frå sentrale styresmakter, som kan nyttast til konkrete prosjekt.

Styringsgruppa stiller spørsmål ved om SLT- Hallingdal framleis skal vera knytt opp til Regionrådet eller om det er meir naturleg ved ei permanent ordning, å ha ein modell med vertskommune. Styringsgruppa meiner at det beste vil vera å velje ein vertskommunemodell.

SLT-Hallingdal som prosjekt blir avslutta 31.12.2009. Styringsgruppa meiner at ved ei eventuell permanent løysing bør det også i framtida vera kontakt mellom dei ulike partane på regionalt nivå og SLT-koordinatoren. Styringsgruppa foreslår at det blir etablert ei referansegruppe med omtrent lik samansetning som styringsgruppa har hatt.

Styringsgruppa peikar og på at for å lykkast med SLT-arbeidet; ”er koordinatorens personlege egenskaper avgjørende. Vurderingene om vidareføring er derfor gjort med bakgrunn i at nåværende koordinator fortsetter i stillingen. Når han i framtidene fratrer, må

*det foretas en nøye vurdering av hele samarbeidsformen og hvilke person man evt. kan få som ny koordinator, før man velger å fortsette.”*

### **Vurdering**

Ut frå den evalueringa som er gjort blant dei som deltek og finansierer SLT-Hallingdal i dag, og ynskje om at SLT-Hallingdal skal halde fram, ser ikkje dagleg leiar grunn til å vurdere vidareføring av SLT-Hallingdal.

Ved ei permanent ordning for SLT-Hallingdal er dagleg leiar samd i at det kan vera naturleg å organisere arbeidet i ein vertskommunemodell, og at kostnadane blir fordelt etter den faste regionale fordelingsnøkkelen.

I forhold til ynskje om ei permanent ordning skal knytast til ein konkret person er nok dagleg leiar noko meir tvilande til.

Til saka vil dagleg leiar peike på at Pr 20. august 2009 er det registrert 190 SLT-koordinatorar. Det kan og vera verdt å minne om at SLT er ein modell for samordning, ikkje eit aktivitetsprogram. Målet er å få meir effekt ut av tiltak som allereie er sett i gang ved at ulike etatar/verksemder støttar og utfyller kvarandre sitt arbeid. All erfaring syner og at samordninga fungerer berre optimalt dersom det er forankra på topp-plan innan kommune og i politiet. Og samordninga fungerer best dersom det er tilsatt ein SLT-koordinator som får eit overordna ansvar for å vera pådrivar i alle ledd av samarbeidet .

### **Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at SLT-Hallingdal blir vidareført som ei permanent ordning frå 1.1.2010, med ein tilsett koordinator i 50% stilling.
2. Regionrådet rår til at ordninga blir organisert i ein vertskommunemodell, og at kostnadane blir fordelt etter den faste regionale fordelingsnøkkelen.
3. For at arbeidet skal fungere på eit regionalt nivå der også fleire aktørar er involvert utanom kommunane, ser Regionrådet det som viktig at det blir etablert ei referansegruppe, noko tilsvarande dagens styringsgruppe.
4. Regionrådet ber Rådmannsutvalet klargjera felles sak til kommunane i Hallingdal, der også organisering og økonomi er nærare klargjort.

Ål 22.8.2009

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg: ”Videreføring av SLT i Hallingdal - Styringsgruppas anbefaling”

### *Videreføring av SLT i Hallingdal - Styringsgruppas anbefaling*

SLT-Hallingdal (Samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak) starta i 2005. Man hadde i starten litt problemer med å komme i gang, men fra august 2006 fikk man på plass en prosjektleder i 50% stilling, som har fungert fram til i dag. Prosjektet skulle vært avsluttet våren 2008, men med bakgrunn i at man kom i gang noe seinere enn først forutsatt, ble prosjektet forlenget fram til 31.12.09. En forutsetning for forlengelsen, var at prosjektet i denne perioden skulle evalueres, slik at deltagerne skulle ha et grunnlag for å vurdere eventuell permanent videreføring.

Styringsgruppa for SLT – Hallingdal behandla på møte 16.06.09 videreføring av SLT – Hallingdal som en permanent ordning.

I forkant av møtet var det innhentet evalueringer av prosjektet fra KRÅD, Lensmennene i Hallingdal, MOT, Ål Røde Kors Nattevandrerne og kommunene i Hallingdal.

Felles for alle evalueringsuttalelsene er at man er fornøyd med den effekt SLT- Hallingdal har hatt i forhold til koordinering av det kriminalitetsforebyggende arbeidet. Styringsgruppa tolker besvarelsene slik at dagens deltagerer ønsker at prosjektet fortsetter. De fleste instansene som har evaluert prosjektet er enige om at det ikke er andre aktuelle løsninger, viss vi ønsker å fortsette med regionalt samarbeid for å koordinere det kriminalitetsforebyggende arbeidet.

Med bakgrunn i evalueringsuttalelsene og den informasjon styringsgruppa har fått, gikk styringsgruppa på møte den 16.06.09 inn for at SLT- Hallingdal blir videreført som en permanent ordning med en ansatt koordinator i 50% stilling.

Etter de opplysningene styringsgruppa sitter inne med, vil det være kommunene som må dekke kostnadene til en evt videreføring av SLT i Hallingdal. Budsjettet for 2010 har en utgiftsramme på 318 000. Dette fordeles med 30% likt på alle kommunene og 70% etter folketall. Det bør vurderes om stillingen fortsatt skal være knyttet opp til regionrådet eller om man skal velge en vertskommune. Styringsgruppa mener at det beste vil være å velge en vertskommune.

Som en følge av at SLT - Hallingdal endres fra prosjekt til permanent løsning, vil styringsgruppa bli nedlagt 31.12.09. For at det også i framtida skal være kontakt mellom de ulike partene på regionalt nivå og SLT-koordinatoren, er styringsgruppa av den oppfatning at det bør etableres ei referansegruppe med omtrent lik sammensetning som styringsgruppa har hatt.

Innen arbeidet med kriminalitetsforbygging er det store muligheter til å få tak i midler fra sentrale myndigheter som kan brukes til konkrete prosjekt. Styringsgruppa har forutsatt at SLT-koordinator arbeider med å få tak i slike midler til prosjekt i Hallingdal.

Styringsgruppa er også svært klar over at for å lykkes med SLT - arbeidet, er koordinatorens personlige egenskaper avgjørende. Vurderingene om videreføring er derfor gjort med bakgrunn i at nåværende koordinator fortsetter i stillingen. Når han i framtidene fratrer, må det foretas en nøye vurdering av hele samarbeidsformen og hvilke person man evt. kan få som ny koordinator, før man velger å fortsette.